

Styremøte i Syltøy Grendalag

Tid: 6.mars 2018 kl. 19.30 – 22

Stad: Grendahuset

Til stades: Jan Helge Syltøy, Ove Stusdal, Odd Vidar Storesund, Heidi Syltøy (vara), og Eldbjørg Syltøy. Michelle Storesund og Kåre Lillebø var til stades på siste del av møte.

Sak 1/2018: Konstituering av nytt styre

Leiar: Jan Helge Syltøy

Nestleiar: Eldbjørg Syltøy

Kasserar: Ove Stusdal

Skrivar: Michelle Storesund

Styremedlem: Odd Vidar Storesund

Sak 2/2018: Gjennomgang av referat frå sist møte og prioriterte oppgåver framover

1. Søknader om midlar

- a. Fjell kommune: Frist: 15.mars. Aktuelle område: Midlar til kulturhus, nærmiljøanlegg, aktivitetar, m.m. Ove sender inn søknad på digitalt skjema.
- b. Marine Harvest: Søknaden ligg klar, Eldbjørg finn den fram igjen og sender over til Jan Helge for signering.
- c. Gjensidigestiftinga: frist til hausten, men søknaden er krevjande og vi må starta tidleg med utfylling (august?)

2. Investeringar

- a. Innkjøp varmepumper: Det er viktig å få på plass varmepumper snarast, då det ser ut til at vi brukar mykje straum.
Vedtak: Vi kjøper inn to varmepumper, ei i gymsalen og ei på kjøkenet. Jan Helge sjekkar pristilbod og handlar inn (ca. 40000).
- b. Innkjøp ytterdører: Dørene er dårlege og bør skiftast snarast.
Vedtak: Odd Vidar innhentar pristilbod og handlar inn dører og låser, og mobiliserer folk til montering.
- c. Innkjøp golvmatter:
Vedtak: Husgruppa v/Michelle får i oppdrag å kjøpe inn matter til inngangspatriet.

3. Marknadsføring av bygget for utleige/heimesida

Det er viktig å få inntekter, og vi må ha ei betre heimeside med bilete og god marknadsføring av lokala våre.

Vedtak: Michelle, Krister V. og Ida arbeidar med heimesida og får på plass ei oppdatering så snart som mogleg.

4. Utleieprisar og kontraktar

Utleieprisane er for låge og må justerast opp. Det må lagast leigekontrakt med faste leigetakarar.

Vedtak: Jan Helge og Jostein har sett på saka. Jan Helge legg fram eit forslag til utleieprisar og utleigekontrakt på neste styremøte.

5. Kontroll av leikeapparata

Det er viktig at leikeapparata er sikra skikkeleg og at vi lagar rutinar for internkontroll. Vurdera nødvendige innkjøp (underlag, reparasjoner).

Vedtak: Odd Vidar og Michelle får ansvar for å ta ein gjennomgang for å kartleggje og iverksetje naudsynte tiltak.

6. Arbeidsgruppene

Arbeidsgruppene må mobiliserast. Det er behov for at fleire melder seg på dei ulike gruppene. Styret sender ut e-post om påminning (leiar). Gjelder spesielt «husgruppa», som skal ta seg av utleie og kontroll med bygget. Her treng vi fleire som kan ha tilsyn med bygget, sjekke at alt er på plass før og etter utleie og være kontaktperson for leigetakaren. Vi opprettar kontakt info. på heimesida der alle i «husgruppa» kan kontaktast (e-post til formålet og eigen telefon for Syltøy Grendaleg). «Husgruppa» bør velje en leiar som skal administrere oppgåvene og turnus for dei som er med.

7. Vedtektsendringar

Årsmøte vedtok endringar i vedtektene som styret må ajourføra (leiar, kasserer og sekreter).

8. Faktura

Kasserar sender ut faktura og ajourfører medlemsinformasjon/lister

Sak 3/2018: Overføring av saker frå gamalt styre til nytt styre v/tidlegare leiar

Informasjon om div. dokumentasjon, e-post, arkiverte avtaler og tilgang til div. leverandører.

Oppdatering i Brønnøysund registeret (leiar og nestleiar).

Slutføring av dokumentasjon og overtaking av bygget med tilleggsareal (leiar og nestleiar).

Oppfølging mot kommune og forsikringselskap angående uteståande reparasjoner og skader (leiar og nestleiar).

Neste møte: måndag 9.april kl. 19.00

Ref: Eldbjørg Syltøy